

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 30.05.2021
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering pkt. 3, Utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen**

ARKIVSAK: 2021/19
STYRESAK: 03/21

STYREMØTE: **10.06.2021**

Oppsummering

SAV har starta arbeid med eit forprosjekt som skal sikre kartlegging og prioritering av endringsbehov ved Sjukehusapoteket i Bergen, og legge til rette for operasjonalisering av desse gjennom eit prosjekt som femner om bygg, teknologi/system og organisasjonsutvikling. Det er målsetting om at forprosjektet skal ferdigstille si tilråding primo oktober 2021. Apoteket sin viktigaste kunde er Helse Bergen. Sjukehusføretaket sine behov og utviklingsplaner er styrande for apoteket si utvikling, planlegging og prioritering.

Fakta

Sjukehusapoteket i Bergen held til i Verkstedbygget ved Haukeland Universitetssjukehus (HUS). Bygget blei oppført i 1983 og er eigd av Helse Bergen. Aktivitet og antall medarbeidarar har auka kraftig dei siste 20 åra. Apoteket sine lokaler er kontinuerleg tilpassa behov i drifta gjennom ei rekke ombyggingar. Auka volum, endra produkt- og tenesteportefølje, krav i lov og forskrift og innføring av ny teknologi og systemer har vore viktigaste drivarar for endring. Publikumseininga flytta til foajeen på HUS tidleg på 2000-talet.

Dei siste åra har behov for å utvide og tilpasse areal meldt seg og det har vore tett dialog med huseigar om overordna planer for bygget. Apoteket har i 2020-21 tatt del i arbeid med mogleighetsstudie for Verkstedbygget. Arbeidet har sett heilskapleg på, og kartlagt behov for, dei ulike brukargruppene i bygget med mål om å løyse problemstillinger innafor eksisterande

bygningssmasse. Viktigaste konklusjonar er at det er for liten plass til alle noverande funksjonar i bygget (apotek og Helse Bergen), behov for kontor- og møteromslokalitetar og at ombygging parallelt med drift i lokaler er uheldig og fordyrande. Huseigar har gjennom prosessen signalisert at apoteket er prioritert leigetakar og at andre avdelingar og funksjonar som utgangspunkt må vike plass for å sikre nødvendig areal.

Apoteket sin viktigaste kunde er Helse Bergen. Sjukehusføretaket sine behov og utviklingsplaner er styrande for apoteket si utvikling, planlegging og prioritering.

Kommentar

SAV har starta arbeid med eit forprosjekt som skal sikre kartlegging og prioritering av endringsbehov og legge til rette for operasjonalisering av desse gjennom eit prosjekt som femner om bygg, teknologi/system og organisasjonsutvikling. Det er målsetting om at forprosjektet skal ferdigstille sin tilråding primo oktober 2021. Prosjektet har til føremål å klargjere og prioritere behov for vidare utvikling av apoteket. Behova er så langt klarlagt gjennom kartlegging i mulighetsstudie av Verkstedbygget, pågåande byggeprosjekt i produksjonseininga og ulike situasjonsbeskrivelsar frå interessepartar i apoteket.

Leveransar frå forprosjektet (frå førebels prosjektplan):

- *Utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen som inneholder anbefaling til prioriterte aktiviteter og gjennomføring, herunder også.*
 - *Vurdering av kundenes fremtidige behov og strategier (eks topp 5 risiko, endose, kliniske utprøvnings).*
 - *Vurdering av forretningsmessige muligheter*
 - *Kartlegging og vurdering av bygningsmessige forhold, bruk av teknologi og system, utvikling av arbeidsflyt og tjenesteleveranser som er knyttet til apoteklokalet.*
 - *Hensyn til ytre miljø*
- *Organisatorisk forankring av forprosjekt*
- *Prosjektdirektiv for gjennomføringsprosjekt.*
- *Stillingsbeskrivelse for prosjektleder gjennomføringsprosjekt (fase 1-3).*

Tilråding frå forprosjektet vil vere viktig grunnlag for vurdering inn mot føretaket sin investeringsplan.

Prosjektarbeidet har referansar til SAV sin strategiplan 2018-23 mellom anna knytt til:

- Kvalitet og pasienttryggleik
- Einskapleg helseteneste
- Auka verdiskaping
- Forsking innovasjon og teknologi
- Medarbeidar, leiar og organisasjon

I tillegg har arbeidet kopling til regional satsing for risikoreduksjon på legemiddelområdet.

Involvering av tilsette og verneteneste i arbeidet blir sikra gjennom dialog i samhandlingsmøter og representasjon i styringsgruppe.